

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.10.2015

I samband med RS 163/15 "Nye Åsane vgs som Vardeprosjekt i Hordaland" påpeikte **Helge Nævdal** at dette må inn i Hordaland fylkeskommune sitt innkjøpsreglement.

I samband med RS 175/15 "Ferjefri kyststamveg – Hordfast og Rogfast" viste **Silja Ekeland Bjøkly** til presseoppslag og spurde om den nye politiske leiinga i Hordaland fylkeskommune står fast ved det vedtekne planprogrammet. Dette vart stadfesta. Også fylkesordføraren, Tom-Christer Nilsen, Terje Søviknes, Tom Sverre Tomren, Pål Kårbø, Sigbjørn Framnes, Benthe Bondhus, Aud Karin Oen, Anne Beth Njærheim og Sveinung Valle hadde ordet i diskusjonen.

I samband med RS 171/15 "Konsesjonskraft – Orientering om anke til Høgsterett" stilte **Benthe Bondhus** seg positiv til at saka er anka til Høgsterett, og spurde om kva dette vil koste. Fylkesrådmannen svarte at det er stipulert saksomkostningar på omlag 500.000 kroner.

I samband med RS 176/15 "Skilting på E134 ved Jøsendal" gjorde **Benthe Bondhus** merksam på at skiltet enno ikkje var kome opp.

I samband med RS 170/15 "Informasjonsskriv nr. 1 – mulig fremtidig regionreform" spurde **Anne Beth Njærheim** om fylkeskommunen skal gjere noko med utfordringane som kjem fram i kulepunkta i KS sitt informasjonsskriv. Fylkesordføraren svarte at problemstillingane m.a. vil verte tekne opp i Vestlandsrådet sitt arbeidsutval, som skal ha møte 11. november.

I samband med RS 172/15 "Vurdering av domstolstrukturen for tingretter og jordskifteretter – rettskretser 2015" spurde **Anne Beth Njærheim** om fylkesutvalet t.d. kan lage ei fråsegn om problemstillinga. Fylkesordføraren vil følgje opp dette.

I samband med RS 173/15 "Auka behov for mottaksplassar for asylsøkjjarar – kartlegging av mulige stader for innkvartering" spurde **Tom Sverre Tomren** om fylkeskommunen har bustader som kan stillast til disposisjon for å innlosjere asylsøkjjarar. Fylkesrådmannen svarte at det vert arbeidd med å svare på spørsmåla frå Fylkesmannen i Hordaland. Han vil kome tilbake til dette i eit seinare møte.

I samband med RS 162/15 "Moglegheitstudie på Hjeltnes" spurde **Tom-Christer Nilsen** om korleis den vidare behandlinga vert. Fylkesrådmannen svarte at det vil verte lagt fram sak om problemstillinga i nær framtid.